



Lars Hopland
Seimsleitet 126
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/634 - 16/6576

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
08.03.2016

Førebels svar på søknad om løyve til deling - Gbnr 172/6 Hopland

Syner til søknad om løyve til deling av gnr.172 bnr.6. Søknaden er stempla inn i kommunen 22.02.2016.

Det vert søkt om løyve til å dele frå eit areal på til saman 1600m². Arealet er del av reguleringsplan Sjøvold. Arealet er i gjeldande kommuneplan sett av til bustadføremål B23.

I dei generelle føresegnene for kommuneplanen pkt.1.1. heiter det at «Areal sett av til bygg og anlegg... skal inngå i reguleringsplan før tiltak som krev løyve etter pbl §20-1 vert tillate.»

Deling slik det er søkt om, er eit tiltak som krev løyve etter §20-1 i plan- og bygningslova.

Arbeidet med å regulere området er nett starta opp. Melding om oppstart og møte med kommunen vart halde i slutten av november 2015, og planen er langt frå ferdig. Av referatet frå oppstartmøtet går det fram mellom anna at arbeidet med planen for Sjøvold må sjåast i samanheng med andre planar under arbeid i området.

Dersom deling skal gjennomførast slik det er søkt om, er det naudsynt med dispensasjon frå regelen i pkt.1.1. Det er ikkje søkt om dispensasjon i søknaden slik den ligg føre no.

Søknad om dispensasjon må vere grunngjeve og må synleggjere korleis tiltak som vanlegvis skal løysast gjennom reguleringsplanen, er tenkt løyst. Dette gjeld særleg veg, vatten og avløp, men og tema knytt til KU, som er eit krav i reguleringsplanen.

Grunnen til at ein må krevje dette i samband med dispensasjonen er for å kunne vurdere om deling no, gir tryggleik for at det er kontroll med dei tema som reguleringsplanen skal løyse.

Søknad om deling vert lagd på vent hjå kommunen til søknad om dispensasjon ligg føre, eller til det vert gjeve melding om at deling vert utsett til reguleringsplanen er klar.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Lars Hopland

Seimsleitet 126 5912

SEIM